

**FESTSPILLENE  
I BERGEN**

**Familiekonsert med melodier,  
små historier og rytmer.**

**FESTSPILLENE  
I BERGEN**

Høgskolen på  
Vestlandet,  
Sognadal campus,  
torsdag 02. juni  
kl 17:30

**Kjøp billett**

VÅGÅ ØKONOMI OG NÆRINGSILV GRUNDERLIV UNG FAMILIE

## Gründeren flyttar over fjellet: - Vi vel eit liv ved fjorden - i minihus



Torill Bye Wilhelmsen og familien har funne draumeplassen ved Sognefjorden. Foto: Privat

Av Helene Hovden

Publisert: 31.05.22 19:33

Del

- Vi har funne draumeplassen ved fjorden, og flyttar frå Vågå.

**+ For abonnenter**

Etter 15 år i Ottadalen tek nå gründer Torill Bye Wilhelmsen med seg familien og flytter til Skjolden ved Sognefjorden. Med seg på flytelasset har ho bedrifta Fjellflyt.

- Familien vår er eventyrlystne. Vi liker godt at det skjer store skifter innimellom.

Det siste året har Bye Wilhelmsen og mannen Morten Løwe pendla mellom Skjolden og Luster. Nå flytter dei inn i «skrivestua» på permanent basis.

### «Skrivestua i Skjolden»

Wilhelmsen er gründertrenar. Ho starta bedrifta Fjellflyt for å hjelpe folk til å utvikle lønsame og berekraftige bedrifter, slik at dei kan leve av det dei brenn for.

Ho har hatt base i Vågå, men den siste tida har ho arbeidd like mykje frå draumepllassen ved Sognefjorden.

I 2019 kjøpte dei eit hus på Vestlandet og begynte på prosjektet «skrivestua i Skjolden».

Dei hadde i mange år drøymt om ein plass der dei kunne reise for å arbeide, i tillegg til å «gå på jobb» på Beta i Vågå.

**2 Play**

**HUMLESNURRS  
HEMMELEIGHETER**

**Et magisk eventyr**

Draumen vart eit minihus på 34 kvadratmeter som stod ferdig i mai i fjor.

### Familie på fire i minihus

Men, dess lenger pandemien varte, dess større vart utfordrstryggen. Etter to år innestengde år i Vågå bestemte dei seg for å tilbringe ein vinter i Skjolden.

- Ein familie på fire i eit minihus på 34 kvadratmeter. Fantastisk, seier Wilhelmsen entusiastisk.

På bloggen sin fortel ho om korleis det siste året har påverka henne i retning av det minimalistiske.

"Jeg har blitt gradvis mer og mer opptatt av minimalisme og gått inn for å leve med færre materielle ting, og etter denne vinteren kan jeg skrive under på at du får enormt nye livskvalitet av å ha bedre tid og færre kvadratmeter med...vel, vi kan vel kalle det "ting som ligg på feil plass".

Torill og mannen Morten har pendla til Vågå i vinter, medan barna har gått på skule og barnehage i Skjolden.

Nå er dei klare for å ta steget å melde adresseendring.

- Både eg og Morten har prosjekt i Ottadalen, eg med Prøvebu bygda mi som eg jobbar for å realisere og Morten med grønsakshagen på Stokstad, så vi vil framleis ha røter i Vågå, seier Wilhelmsen.

#### Sel hjartebarnet

Men, hjartebarnet BETA- gründer- og kontorfellesskap sendar ho nå frå seg til nokon som kan utvikle det vidare.

Den fysiske BETA- lokasjonen midt i Vågåmo stenger i slutten av juli.

Oddny Guldstein-Aarset Løwe tek over konsept, nettsider og interiør, og flyttar det til Møre.

- *Vemodig?*

- Eg er stolt over å ha seld BETA, seier gründeren og forklarar;

- BETA opna i 2016. «Pionertida» i coworking-bransjen er over og coworking eit etablert omgrep og ei bransje. Oddny vil drive vidare i same ånd, men har også ein ide om å lage kontorfellesskap på fleire plassar. På den måten blir det knappskyting frå BETA.

#### Vil sakne hausten i fjellet

Men, Wilhelmsen erkjenner at ho kjem til å sakne gründerfellesskapet.

- Det gjorde eg i vinter og. Derfor vil eg prøve å overføre den samarbeidsforma til digitale plattformer.

Sakne Vågå vil ho sikkert også gjøre, spesielt når haustfargene set sitt preg på fjellet.

- Fysisk så er det ikkje så langt over fjellet da. Sonen vår har bestevane sine i Vågå og dei snakkar saman på digitale plattformer kvar einaste dag. Det er enkelt å halde kontakt i dag, seier Wilhelmsen.

Les mer om: [Vågå](#) [Økonomi og næringsliv](#) [Gründerliv](#) [Ung familie](#)



Lik side | 34 k likerklikk

Gå til forsiden

Flere saker



**Setter fremtidsplanene på vent:**  
- Nå kan jeg gi tilbake



**Lokale bedrifter**  
Vi er her for å tilby deg:  
- Akutthelse - Smertehelse  
- Akutthelse - Smertehelse behandling  
- Pent smile



**Hva er en skog for framtida?**



**Kampen for landbruket, er kampen for bygdene**



**Et tilfeldig Facebook-innlegg**  
fikk Kath-Malken til å stille sin egen diagnose: - Dette var jo meg!



**Har solgt nesten 700.000**  
baguetter - selger etter 23 år

Til toppen



Ansværing redaktør: Tom Martin Kj. Hartviksen • Postadr: Postboks 954, 2604 Lillehammer • Telefon: 61 22 10 00  
• Nyhetsredaktør: Anne Marie Lekken • Nyhetsredaktør: Reidar Kjetstad • Personvernpolitikk • Informasjonsplakater • Redaktørplakaten

• PPUs • Utgitt av Gudbrandsdalen Dagningen AS

Gudbrandsdalen Dagningen © 2022

